

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
069/17	Formannskapet	PS	24.08.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 223	17/623

Søknad om støtte til kompetanseheving for Austrheim Handel

Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til støtte til kompetanseheving for Austrheim Handel AS (Joker Austrheim) i samband med deltaking i merkur-programmet. Kostnaden vert dekkja frå post 149038011902.

Formannskapet - 069/17 - 24.08.2017

FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til støtte til kompetanseheving for Austrheim Handel AS (Joker Austrheim) i samband med deltaking i merkur-programmet.

Før utbetaling av tilskotet må kostnadene ved kompetansehevinga dokumenterast.

Kostnaden vert dekkja frå post 149038011902.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

FS vedtak:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til støtte til kompetanseheving for Austrheim Handel AS (Joker Austrheim) i samband med deltaking i merkur-programmet.

Før utbetaling av tilskotet må kostnadene ved kompetansehevinga dokumenterast.

Kostnaden vert dekkja frå post 149038011902.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Merkur- konsulent Per Spillum søker i skriv om støtte til kompetanseheving for Austrheim Handel AS (Joker Austrheim).

I søknaden står det fylgjande:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vil styrke det lokale servicetilbudet i Austrheim kommune gjennom MERKUR (utviklingsprogram for bygdebutikken), www.merkur-programmet.no

Hordaland har for 2017 fått midler fra KMD til gjennomføring av et nytt Merkur-program, og vi har gleden av å opplyse om at Austrheim Handel AS er blant de 10 butikkene som er valgt ut til å delta.

Merkur er et viktig virkemiddel i distriktspolitikken, og målet er å styrke det lokale servicetilbudet gjennom å tilføre nærbutikken kompetanse, tilleggstjenester og bistand i form av statlig investeringsstøtte. Programmet strekker seg over vel et år og KMD dekker kostnadene til 5 prosjektsamlinger, kundeundersøkelse, strategiplan og tett oppfølging av konsulent.

KMD har fastsatt en deltakeravgift på kr 3 800,- for hver butikk. I tillegg må butikkene dekke reisetid, reisekostnader, vikarleie og arbeid med omstilling beregnet til ca kr 30 000,- pr. butikk.

På vegne av butikken søker vi med dette om at kommunen dekker butikkens deltakeravgift og en så stor andel av øvrige kostnader som mulig. Dette vil være et viktig bidrag til å trygge arbeidsplasser på heltid og deltid i en liten og utsatt butikk.

Austrheim handel har tidlegare motteke støtte til sikring av kvinnearbeidsplasser. Dette tilskotet vart gitt i 2002.

Vurdering

Viser til søknad om støtte frå Merkur-konsulent Per Spillum til kompetanseheving for Austrheim Handel. Austrheim Handel er ein av 10 butikker som er valt til å delta i Merkur-programmet som er eit utviklingsprogram for bygdebutikker.

Viser til tidlegare støtte til Austrheim Handel AS i samband med etablering av butikken som sidan har hatt ein god utvikling.

Eg finn det rimeleg at kommunen bidrar med tilskot til deltaking i Merkur-programmet.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000,- til støtte til kompetanseheving for Austrheim Handel AS (Joker Austrheim) i samband med deltaking i merkur-programmet.

Kostnaden vert dekkja frå post 149038011902.